

## NOTAT

Vedlegg: B-1

TIL: Alver kommune, Byggjesak

SAK: ALVER KOMMUNE –TEKNISK FORVALTNING OG DRIFT.  
FYLLINGSNESVEGEN – LITLEVÅGSBROTET. AVLØPSANLEGG  
OG PARKERINGSPLASS. GNR. 214 BNR. 2, 114.  
SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN.

På vegne av tiltakshavar søker vi med dette om dispensasjon frå kommunedelplan for bygging av ny veg/parkeringsplass og rørleidningsanlegg nærare enn 15m frå Kv 1110 – Fyllingsnesvegen og på areal definert som LNRF- og friområde. Tiltaket ønskast plassert innan 100-meters belte langs sjø.

Alver kommune – Teknisk forvaltning og drift ynskjer, i samarbeid med utbyggjar av Nystøltunet bustadfelt (plan 201603 – Gnr/bnr. 214/41 m.fl.), å sanere private avlaupsanlegg langs Fyllingsnesvegen og Litlevågsbrotet. Samstundes skal det leggjast til rette for handtering av avlaup frå nye bustader i planområdet Nystøltunet og tilliggjande areal.

I samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd skal det samstundes byggjast ein parkeringsplass og gangveg for å leggje til rett for bruk av friluftslivsområdet Litlevågen.

### SKILDRING AV TILTAKET

Tiltaket omfattar utbetring av dagens atkomstveg til bustadhus på gnr/bnr 214/47 og bygging av ny parkeringsplass for Litlevågen friluftslivsområde (gnr/bnr. 214/114). Parkeringsplass vil få åtte oppstillingsplassar for personbil.

Gangveg byggjast fram til friluftslivsområdet. Denne gangvegen vil og vere atkomstveg for bustadhus på bnr. 47 og for driftspersonell til friluftslivsområdet.

Nytt kommunalt avlaupsreinseanlegg, som 128m<sup>3</sup> prefabrikkerte slamavskiljar med tre kammer, byggjast under parkeringsplassen. Utsleppsleidning til sjø leggjast under gangveg fram til Litlevågen og vidare på sjøbotn til utslepp på minimum kote -25 moh. Spillvassleidning leggjast fram til Litlevågsbrotet (Nystøltunet bustadfelt) og under Fyllingsnesvegen for å kople til eksisterande og nye bustader. Rørleidning mot nordvest, under Fyllingsnesvegen, vil erstatta eksisterande privat utsleppsleidning til sjø. Bustader langs vegen Litlevågsbrotet er og knyta til denne utsleppsleidningen. Desse vil bli sanert i samband med utbygging av planområdet Nystøltunet.

### GRUNNGJEVNAD FOR SØKNADEN OM DISPENSASJON

Det er i dag ikkje etablert eit kommunalt avlaupsnett i Fyllingsnesvegen. Eigedomar i området med bustadhus eller hytte har i dag eigne septiktankar, med spreieleidning til terreng, eller felles privat utsleppsleidning til sjø.

Alver kommune ynskjer å sanere dei lokale, private utsleppa av gråvatn til terreng og sjø ved å knyta desse spillvassanlegga til eit kommunalt reinseanlegg.

Nye regulerte bustader, samd framtidig skule på Fyllingsnes, må bli knyta til godkjent avlaupsanlegg.

Bergen og Omland Friluftsråd ynskjer å leggje til rette for meir bruk av Litlevågen friluftslivsområde (sjå vedlagt faktaark frå Naturbase). Tilkomst til friluftslivsområdet vil bli betra med bygging av køyrbar gangveg. For brukarar som ikkje bur innan gang- eller sykkelavstand frå friområdet må parkeringsplass bli etablert. I dag er det berre mogleg å parkere langs kommunal veg.

Bygging av veg- og røyranlegg utførast etter grunnavtaler mellom Alver kommune og grunneigarar.

Vi meiner at bygging av ny veg, parkeringsplass, gangveg og spillvassanlegg vil gi store fordelar innbyggjarar i Alver kommune. Sanering av privat kloakkutslepp i naturen vil betre miljølempa for Fyllingsnes og Osterfjorden. Nytt reinseanlegg vil inngå i kommunal rutine for prøvetaking av overvaking av utslepp av spillvatn.

Litlevågen friluftslivsområde er i dag eit lite nytta areal grunna dårleg tilkomst. Ny parkeringsplass og gangveg vil opne opp Litlevågen for rekreasjon og sikre tilkomst til sjølinja.

#### KONSEKVENSER

Søknad om dispensasjonar frå kommunedelplan (Lindås kommune – Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031):

1. Bygging av veg, parkeringsplass og røyrlidningsnett i ein avstand på 5-9m frå senterlinje kommunal veg (Lov om vegar - §29).
2. Bygging av veganlegg på areal som ikkje er detaljregulert. Areal er definert som LNRF- og friområde i kommunedelplan (§2.2)
3. Bygging av veg, gangveg og parkeringsplass nærare enn 100 meter frå sjø (§2.6.1)

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

#### Vedlegg:

Naturbase faktaark -Litlevågen friluftslivsområde

#### Kopi til:

Alver kommune – Teknisk forvaltning og drift v/Atle Dingen

## Kartlagt friluftslivsområde

Utskriftsdato: 08.12.2020

### Litlevagen

<b>ID</b>	FK00012945
<b>Områdetype</b>	Leke- og rekreasjonsområde
<b>Områdeverdi</b>	Registrert friluftslivsområde
<b>Kommunennummer</b>	4631
<b>Kommunenavn</b>	Alver
<b>Områdebeskrivelse</b>	Lunt og frodig område med fjøre. Mogleg med biloppstilling ved kommunevegen, 50-60 m ned til sjøen. Ikkje tilrettelagt. Potensiale stort grunnet planlagt utbygging av bolig, hvis tilrettelagt mer økt bruk.
<b>Kartleggingsår</b>	2016
<b>Brukerfrekvens</b>	Noe
<b>Regionale og nasjonale brukere</b>	Aldri
<b>Opphav</b>	Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder ved Lindås kommune og Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)
<b>Opplevelseskvaliteter</b>	Litt
<b>Symbolverdi</b>	Litt
<b>Lydmiljø</b>	-
<b>Funksjon</b>	Ikke spesiell funksjon
<b>Egnethet</b>	Ganske dårlig
<b>Tilrettelegging</b>	Ikke tilrettelagt
<b>Kunnskapsverdier</b>	-
<b>Inngrep</b>	-
<b>Potensiell bruk</b>	Ganske stor
<b>Tilgjengelighet</b>	-
<b>Utstrekning</b>	-
<b>Areal fra kartobjekt (daa)</b>	6,1



